

TRESEFJORD STORVILTVALD (TSV)

Vidare nevnt som TSV i dokumentet



Cervus elaphus

DRIFTSPLAN FOR HJORTEVILT

ÅR 2009 – 2011

Del 0: Innleiing

Tidsrom for driftsplana

Driftsplana si virketid er frå jaktåret 2009 og til og med 2011.

Del 1: Grunnopplysningar jaktfelt i TSV

1. Oversikt over areal og jaktfelt i TSV

Tidlegare jaktvald blir omdefinerte til jaktfelt og utgjer Tresfjord Storviltområde. Storviltområdet er samansett slik:

JAKTFELT	TELJANDE AREAL	Prosent av totalen
28. Bjermeland/Eiknes/Kjøpstad	4800 daa	7,41
29. Løvik	4750 daa	7,33
30. Eidhammar	3800 daa	5,86
31. Sør Sylte	11800 daa	18,21
32. Nerem	8137 daa	12,56
33. Lindset/Skeidsvol/Kjersem	13484 daa	20,81
35. Øvstedal	8500 daa	13,12
36. Rypdal	6000 daa	9,26
37. Kyrkjesylyte	3524 daa	5,44

Teljande areal er: 64795 dekar.

Elles viser ein til vedlagt kart med inneteikna grenser.

Planperioden blir satt til 3 år og gjeld jaktåra 2009-2011.

Del 2: Målsetningar for driftsplana

Hovudmål:

1. Forvalte hjorteviltet på ein bærekraftig måte samtidig med at beiteskadane på skog og innmark blir haldne på eit akseptabelt nivå. Eit akseptabelt nivå for TSV sitt planområde vil trulig ligge på ein tildeling på ca. 750 dekar pr. dyr for kvart år.
2. Gjennom avskyting sørgje for at stammen har ei naturleg fordeling på alder og kjønn og sette inn tiltak for å få auka slaktevektene.
3. Over tid skal forvaltninga, om mogeleg, byggje opp ressursane i svake område slik at bestanda blir mest mogeleg jamt fordelt utover valdet.

Delmål:

Viltbestand og beiteskader er ujamt fordelt i valdet. Det er kan være store konsentrasjonar av dyr i forskjellige periodar av året, da med tanke på vinterbeite, vår og sommarbeite.

Tresfjord Storviltvald har desse delmåla:

1. I område med høg dyretetthet og mykje skader skal ein prøve å redusere bestanden.
2. Det skal arbeidast for at hjortebestanden blir meir spreidd over heile valdet.
3. På sikt skal kvart jaktfelt få høve til å konkretisere sine mål.
4. Delen av hanndyr blir auka slik at høvet mellom hanndyr og eldre hodyr blir 1:2.

Del 3: Hjorten si utbreiing, trekkveggar og statistikkar

3.1 Trekktilhøve.

Dei mest kjente trekkrutene utarbeidast av planstyret når opplysningar føreligger.

Å utarbeide slike trekkruiter er veldig vanskelig utan merking av noen dyr. I de forskjellige områder kor dyr står vinterstid burde det merkes noen dyr og observere disse dyra på vandringar til vår, sommar og haustbeite.

Det bør arbeidast saman med kommune/ fylke for å få midlar og få satt i verk slike tiltak i løpet av planperioden.

3.2 Vinterområde/beite.

Dei mest kjente vinterområda markerast i kart når opplysningar føreligger.

3.3 Sommarområde/beite.

Dei mest kjente sommarområda markerast i kart når opplysningar føreligger.

3.4 Kart over området.

3.5 Føresetnader.

Planen er utarbeidet etter fellingsstatistikkar for perioden 2005-2008. I forhold til innrapporterte "Sett Hjort Skjema" og vår og vinterteljingar. Samt etter avskytingsplanen utarbeidet av Erling L. Meisingset, "Forvaltning av hjort Vestnes kommune" og "Kommunale målsetningar og retningslinjer for forvaltning av hjort" utarbeida Vestnes Kommune 2009 – 2011.

Fig. 1

Statistikkar, fellingsresultat

Indeksrapport hjort							
År	Sett hjort per jegerdagsverk	Sett kolle per bukk	Sett kalv per kolle	% bukk felt av sett bukk	% kalv felt sette kalv	% koller felt av sette koller	
2006	1,74	1,64	0,65	9,02	7,8	6,88	<i>Verdier for 2006-2008 er klippet ut av innrapporterte tall fra Hjortevilt.no og gjelder hele kommunen.</i>
2007	2,65	1,97	0,68	7,32	7,33	5,04	
2008	2,08	1,2	0,61	7,27	7,61	6,18	
per 3 år	2,25	1,62	0,65	7,62	7,49	5,71	
2008	2,85	1,60	0,90	3,18	13,27	6,39	TSV

I denne oppstilling er det ikkje tatt hensyn til og berekna dyr sett i gruppe for "ukjente dyr" i "Sett hjort"

Sett hjort per jegerdagsverk

Viser et gjennomsnitt av kor mange hjort kvar hjortejeger ser per dag. Indeksen tar ikkje omsyn til antall timer jakta. Verdien utregnas ved å dele antall hjort som er sett på antall jegerdagar.

"Sett hjort pr. jegerdagsverk" gir uttrykk for den relative utvikling i bestandsstørrelsen, men sier ikkje noe om det faktiske antallet hjort.

Kilder i Norge og Sverige har vist at "Sett hjort pr. jegerdagsverk" gir ett rimelig presist mål på endringer i bestandstetthet.

Figur viser felte dyr i forhold til sett dyr i forskjellige aldersgrupper

	Spissb ukk	Eldre bukk	Kolle	Kalv	% bukk felt av sett bukk	%kalv felt av sett kalv	% koller felt av sett koller
Felte dyr i forhold til Sett Hjort i 2008							
Kirkesylte	3	0	3	3	0,07	9,09	5,36
Rypdal	4	2	6	10	1,30	6,58	2,64
Øvstedal	4	2	12	14	5,10	28,57	14,12
Kjersem/Lindset/Skeidsvold	3	3	6	8	5,41	26,67	10,17
33A Lindset Jaktfelt	1	1	1	2	3,16	9,09	4,00
Nerem	4	2	7	12	2,04	12,37	5,51
Sør Sylte	2	2	6	7	5,46	17,95	8,11
Eidhammar	1	1	2	5	7,77	20,83	7,41
Løvik	0	1	3	2	5,88	6,25	7,89
Bjermeland/ Kjøpstad/Eiknes	0	2	1	2	12,50	16,67	5,56
Totalt for hele valdet	22	16	47	65	3,18	13,27	6,39

Fig 3. Sett hjort 2006 - 2008

Jakt år	Spissbukk	Eldre bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	SUM HJORT	% Gj.snitt sett totalt Spissbukk	% Gj.snitt sett totalt Eldre bukk	% Gj.snitt sett totalt kolle	% Gj.snitt sett totalt kalv	% Gj.snitt sett totalt ukjent	Sett kolle per bukk (spiss)	Sett kolle per eldre bukk	Sett kalv per kolle
2006	104	252	598	446	292	1683	6,0	15,0	36,0	27,0	17,0	1,7	2,0	1,0
2007	139	317	998	719	784	2935	5,0	11,0	34,0	24,0	27,0	2,2	3,0	1,0
2008	150	360	736	490	525	2261	7,0	16,0	33,0	22,0	23,0	1,0	1,5	1,5
Sum totalt for 3 år	393	929	2332	1655	1601	6879	6,0	14,0	34,3	24,3	22,3	1,6	2,2	1,2

Utrekninga av disse øvre kolonnar vil ikkje bli veldig korrekt da andelen av "sett ukjente" er veldig stor.

FIG 4.

2006	104	252	598	446	292	1683	6,0	15,0	36,0	27,0	17,0	1,3	3,9	0,9
2007	139	317	998	719	784	2935	5,0	11,0	34,0	24,0	27,0	2,8	4,4	1,0
2008	150	360	736	490	525	2261	7,0	16,0	33,0	22,0	23,0	0,9	3,3	0,9
Sum totalt for 3 år	393	929	2332	1655	1601	6879	6,0	14,0	34,3	24,3	22,3	1,6	3,9	0,9

I denne utregninga er ukjente tatt med. Det er brukt 1/3 av de ukjente som bukk, kolle og kalv. Utrekning sett koller i forhold til eldre bukk er den 1/3 delen av ukjente bukkar satt slik disse utgjør halvparten av disse.

Fig.4

Diagram under er basert på opplysninger frå tabell over der det er brukt berekning på fordeling av sett ukjente som vist i forklaring under fig 4.





Fig 5.


Vårtelling 2002 - 2008



Figur viser gjennomsnitt av 3 tellinger per år.

Fig 5.

Slaktevekter 2006 - 2008

**Del 4: AVSKYTINGSPLAN 2009-2011.****Strategi i planperioden.**

TSV har på grunnlag av statistikkar frå Sett Hjort, teljingar og avskytingar vurdert at hjortestammen balanserar i forhold til avskyting og årlig tilvekst av dyr ligger på ca. 130 dyr pr. år. Skal TSV i løpet av de neste åra redusere mengda av dyr må ein ta ut rundt 150 dyr i året. Når ein vurderar forholdet over 3 år med sett bukk per kalle, både 11/2 år og eldre bukk samla og eldre bukk ligger da dette forholdet på gjennomsnitt for 3 år på 1-1,6 på samla bukk 11/2 og eldre, og 1 – 3,9 på eldre bukk. Kommunen sin målsetting er forholdstal 1-2. Skal berekningar tas omsyn til i forholdet bukk/ kalle bør ikkje uttak av bukk aukast noe vesentlig framover.

Slaktevektar er stort sett stabile i de tre åra 2006 – 2008. Det har vært ein liten økning i 2008 i forhold til 2006 og 2007 med unntak for 11/2 års bukk. Årsak kan være betre beiteforhold eller om kvaliteten på dyra har blitt betre?

Vektene er ikkje gode nok og det må stimulerast å prøve å ta ut små og svake dyr vidare på produksjonssida for å prøve å auke vektene på dyra vidare framover.

Styret i TSV oppmodar om ikkje å felle kalle over 70 kg og bukk over 100 kg. Kvart enkelt jaktfelt må vurdere sjølve sin strategi for uttak av "eldre bukk" i sitt jaktfelt. Det bør leggast vekt på uttak av små og dyr med lav vekt.

Dette med mål for å bygge opp bestanden av gode avlsdyr.

[På grunnlag av dette går ein for følgjande avskytingsprofil for 2009-2011.](#)

Samla kvote er fastsett til 450 dyr, 150 pr. år.

Dette vil da utgjøre ca. 430 dekar per felte dyr i driftsplanområdet.

Justeringar i forhold til enkelte jaktfelt vil påverke denne fordeling på dyr per dekar, dette i forhold til at enkelte jaktfelt har større konsentrasjonar av dyr ein andre jaktfelt.

Avskytingsprofil.

På grunnlag av måla som er sett, fellingsstatistikk, og lokal kunnskap om hjortebestanden, blir det lagt opp til følgjande avskytingsprofil:

Eldre hanndyr: maks 15%.

Eldre hodyr: maks 20%.

Ungdyr og kalv: minst 65%, av disse 65% skal det fellast minst 25% kalv. Fordelinga av kjønn ved felling av ungdyr skal vere tilnærma 50/50%. Det vil si 20% unge hanndyr og 20% unge hodyr.

Det blir tillete inntil 10% større uttak av hanndyr i ungdyrkvoten.

Det kan fellast kalv i staden for eldre dyr uavhengig av kjønn.

FORSLAG TIL AVSKYTINGSPROFIL FOR 2009 - 2011

Type dyr	Fordeling i %	Tal dyr for hele planperioden	Rettleiande tal for hvert år (3 år)
Eldre bukk	15	68	22
Eldre hodyr	20	90	30
Ung bukk	20	90	30
Unge hodyr	20	90	30
Kalv	25	113	38
Sum	100	450	150

Kontroll av felte dyr

Styret oppnemnar kontrollørar føre jaktstart. Det bør oppnemnast minimum 5 personar til dette.

Kontrollørar kan ikkje kontrollere dyr som er felt i tilhørende jaktfelt kontrolløren tilhører.

Ekstra kvote for dyr med lav slaktevekt, ekstra tildeling, skadedyr osv.

Valdet søker om 20 dyr ekstra til fordeling av dyr trekt i jaktfelt med vekter under de oppgitte vektgrenser, kalv under 20 kg, hodyr under 40 kg og hanndyr under 45 kg for kvart år i planperioden. Dyr på denne kvoten som ikkje blir brukt kan ikkje flyttes over til neste års kvote.

Kalv under 20 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål. Det blir ikkje kravd fellingsavgift for kalv under 20 kg, se **Del 10: Økonomi**.

Hodyr under 40 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Hanndyr under 45 kg vert ikkje trekt på kvoten for jaktfeltet, men går av kvote som laget har til dette formål.

Dersom eit dyr skal trekkast av kvoten for lav vekt, skal styret straks varslast, og dyret skal vegast av oppnemnte kontrollør frå styret.

Dyr som vert trekt, vert bytta mot tilleggskvote som laget har. På fellingsrapporten skal rett alder, vekt rapporterast inn.

Skal uttaket vere ulikt i planperioden, vert det laga plan for kvart enkelt år.

På grunnlag av dette sender ein forslag til avskytingavtale til viltnemnda i kommunen.

Del 5: BESTANDSPLAN RÅDYR.

Målsetjing.

Rådyrbestanden skal haldast på eit nivå som hindrar unødige skader. Det er liten bestand av rådyr i planområdet og det skytast få dyr av disse, ca. 10 dyr i året. Laget søkjer om ei kvotefri rådyrjakt.

Del 6: RAPPORTERING/ BETALING AV FELLINGSAVGIFTER.

Kvart jaktfelt ved jaktleiar/ jaktfeltansvarlig skal rapportera inn endelige fellingsresultat inn til styret seinast 10 dagar etter at jakttida er slutt.

Betaling av dei kommunale fellingsavgiftene og eventuelt tilleggsavgift per tildelt dyr i laget skal være innbetalt innan betalingsfrist oppgitt på faktura. Ved for sein innbetaling av avgifter, kan styret fastsette tilleggsavgift m.m.

Ved kvar felling av dyr rapporterer jeger til jaktleiar opplysningar om dato, kjønn, alder, kor dyr kan sjåast og eventuelt vekt innan 12 timar.

Jaktleiar melder inn til oppnemnte kontrollør innan 24 timar etter felling.

Del 7: TILTAK.

7.1 Registrering/overvaking av bestand.

a) "Sett hjort"

Skal førast av alle jaktlag (jaktleiar for jaktlaget rapporterar for heile jaktlaget) og einskildjegerar, og leverast styret saman med fellingsrapport, seinast 10 dagar etter jaktslutt. Alle skjema skal være korrekt utfylt med sett hjort, skutte dyr, avmerka for type jaktform, innmark/utmark, summert og underskreve av jeger.

Alle jaktfelt skal levere inn liste seinast 10 dagar etter jaktslutt med namn på jegeren som har jakta og om skyttar har levert "Sett hjort skjema" skal komme fram i skjemaet. Jegerar som ikkje fører skjema, vert ilagt "gult kort".

Det er jaktleiar/ jaktfelt ansvarlig som har ansvaret for at disse skjema er korrekt utfylte og levert til styret i TSV innan fristen.

Som ledd i registreringa bør laget ha fleire teljingar. Mellom anna vårteljing, teljing etter jaktslutt og vinterteljing.

b) Vektregistrering.

Felte dyr skal vegast innan 24 timar etter felling, og førast inn på skjema.

c) Merkeprosjekt.

Deltaking i merkeprosjekt skal vurderast og samordnast med andre vald og kommunar/fylke.

7.2 Andre tiltak.

I planperioden kan det komme fram andre tiltak som kan setjast i verk. Dette kan vere beiterregistreringar, beiteforsterkande tiltak i skogbehandlinga, utsetting av saltstein, tiltak for reduksjon av trafikkdrepane dyr, tilrettelegging for meir skytetrening, bygging av jakttårn for å betre tryggleiken, stimulering til felling av rev og liknande.

Det bør takast kontakt med andre organisasjonar, aktivitetsgrupper som bruker utmark til rekreasjon for å informere om jakt i områda for å unngå konflikhtar og ikkje minst ta vare på sikkerheita for personar som brukar vegar stiar osv. Merking og oppslag når jakt utøves i området kan vere gode løysningar.

Del 8: REGLAR FOR JAKT OG SAMARBEID.

Dei krava som myndigheitene set gjennom og til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter, skal følgjast.

- Jakt utanom fastsette jakttider utan spesielle unntak godkjent av TSV eller kommunen samt annen irregulær jakt skal rapporterast til styret i TSV. Styret skal ta stilling til om det skal rapporterast vidare til politimyndigheter.
- Alle jaktfelt/ jaktlag skal ha ein jaktleiar som har gjennomgått "Jaktleiar kurs" i regi av kommunen eller andre instansar. Oppnemnt jaktleiar skal vere rapportert inn til styret i TSV innan 1.mai i jaktåret. Det skal oppgis namn, adresse, telefon osv.
- Jaktleiar har hovudansvar for gjennomføringa av jakta i sitt jaktfelt. Jaktleiar skal kontrollere at alle jegerar som jaktar i feltet har sine papir i orden slik som, betalt jegeravgift, godkjent oppskyting for hjortevilt, våpenkort, jakløyve osv.
- Jaktleiar skal også syte for at reglar vedtatt av rettighetshaverne blir fylgt, samt Jaktlova og reglar frå kommunen.
- Jaktleiar har ansvar for at jaktfeltet har tilgang på godkjent ettersøkshund.
- Alle jaktfelt skal ha egen jaktfelt ansvarlig valt av rettighetshaverne av jaktfeltet.

8.1 Skadeskyting.

Skadeskyting skal , i tillegg til dei krav som forskrifta set, snarast varslast jaktleiar for jaktfeltet og til reperestant i styret for TSV.

Kvart jaktfelt er ansvarleg for å sende styret kopi av ettersøksavtale før tildeling av kvote.

Om ønskjeleg kan TSV skrive ettersøksavtale for heile jaktområdet.

8.2 Godkjenning av nye jaktfelt.

For å få godkjent jaktfelt skal feltet vere samanhengande og minst ha storleik som tilfredsstillar arealkravet til to dyr i området.

8.3 Overføring/byting av kvote til anna jaktfelt.

Dersom det kan dokumenterast at ein i eit jaktfelt har store beiteskadar, er det gjeve høve til å byte inntil 50% av tildelt kvote med anna jaktfelt, i første rekkje med nabojaktfelt. Oppsett avskytingsprofil for de jaktfelte som blir involvert skal likevel følgjast. Slike avtalar skal vere skriftelege og skal godkjennast av styret i TSV.

8.4 Overgang mellom jaktfelte. Fellesjakt/samjakt.

Det vert oppfordra til samarbeid mellom jaktfelte slik at fellesjakt kan gjennomførast i deler av jakttida. Dette gjev høve til betre utnytting av ressursane innanfor driftsplanen og vil føre til høgare fellingsprosent. Slike avtalar kan ein inngå når som helst. Jaktleiarane skal sørge for at løyve til dette kan gjevast av alle grunneigarane i området, og at alle jaktlag dette vedkjem er varsla. *Dersom kvote skal overførast, må regel for overføring/byting følgjast.*

Organisering i jaktfelte.

Jaktfelte har sjølv ansvar for å utarbeide interne praktiske jaktrutinar. Interne reglar vedtatt av TSV må følgjast når det gjeld overgang, fellesjakt, avskytingsprofilar, straffereaksjonar osv. Reglar for fordeling av utbyte mellom jegerar/jaktlag og grunneigar må tenkjast grundig gjennom og utarbeidast. TSV kan ikkje bestemme over slike reglar, men kan framsette anbefalingar for å få best mulig avvikling av jakta for å kunne oppnå best mulig avskyting.

8.5 Felling av skadedyr.

Jaktfelt kan, etter søknad, få tildelt skadedyr av tilleggskvote som TSV har i jaktperioden.

Skade utanom jakttida må meldast til styret, slik at søknad om felling av skadedyr kan sendast kommunen. Etter 1. juni kan slik felling belastast kvoten det året. Etter ordinær jakttid og før 1. juni tilfelle verdien av felte skadedyr det kommunale viltfondet.

8.6 Kontroll av felte dyr.

Felte dyr skal rapporterast inn til oppnemnte kontrollør innan 24 timar. Hovudet av felte dyr skal oppbevarast i 72 timar for eventuell kontroll.

8.7 Feilskote dyr.

Dyr som er skotne utover tildelt kvote på dei einskilde jaktfelt, må rapporterast inn til valdleiar straks, slik at styret kan ta stilling til kva som skal gjerast med dyret.

Del 9: RUTINAR og REGLAR VED FEILSKYTING

Styret i TSV skal følgje rutinar og reglar ved feilskyting etter *prioritert liste*.

Dyr som er felt feil, skal slaktast på beste måte og takast vare på til styret i TSV har bestemt kva som skal gjerast med slaktet.

ULOVELIG JAKT OG GROVE FEILSKYTINGAR I OG UTANFOR JAKTTID KAN BLI RAPPORTERT TIL POLITIMYNDIGHETAR.

Felling av feil type dyr.

Grov feilskyting definerast som følgjande:

Eldre bukk felt i staden for andre kategoriar ut over tildelt kvote for eldre bukk.

Eldre bukk er definert som bukk 10 taggar og fleire og med vekt over 100 kg.

Felling av bukk i denne kategori medfører avgift for skyttar på kr. 5.000,- og **kan** føre til endringar i neste års kvote. Dyret blir trekt inn av TSV og solgt til inntekt for laget. Dyret blir trukket i jaktfeltet si kvote som det dyret det opprinnelig skulle være.

Grov feilskyting skal takast opp i styret i TSV i kvart enkelt høve. Jeger kan bli utestengt for jakt i TSV sitt område i inntil 3 år. Grove feilskytingar kan føre til rapportering til politimyndigheta.

Mindre bukk (6-10 takker på gevir) og vekt inntil 100 kg medfører avgift for skyttar på kr.3.000,- og **kan** føre til endringar i neste års kvote. Dyret blir trekt inn av TSV og solgt til inntekt for laget. Dyret blir trukket i jaktfeltet si kvote som det dyret det opprinnelig skulle være.

Skyttar tilleggast ”Gult kort”

Bukk 2 takker (spissbukk) opp til 4 takker, skyttar beheld dyret og det betalast avgift per kg . Avgifter bereknast etter oppsett i del **9.1 Vektgrenser ved feilskyting** Dyret blir trukket i jaktfeltet si kvote som det dyret det opprinnelig skulle være.

Skyttar tilleggast ”Gult kort”

Felling av feil type dyr i de andre kategoriar.

1.Dyret vert overteke av anna jaktfelt med tilsvarende dyr igjen på sin kvote. Dette gjeld berre dersom dei er villige til å ta imot det.

2.Dyret vert behalde av jaktfeltet. Dyret vert då trekt av kvota for type dyr jaktfeltet har og skyttar må betala mellomlegg i kjøtverdi og betalt inn til styret i TSV. Det vert brukt same reknemåte som ved vektgrenser for feilskyting (**se punkt 9.1**)

Felling av fleire dyr enn tildelt i jaktfeltet.

1.Prøve å få jaktfelt som har tilsvarende dyr igjen på sin kvote til å overta dyret.

3.Dyr blir trekt inn av styret i TSV, dyret trekkast av tilleggskvota TSV har. Skyttar/ jaktfelt må betala mellomlegg i kjøtverdi og betalt inn til styret i TSV. Det vert brukt same reknemåte som ved vektgrenser for feilskyting (**se punkt 9.1**)

Felling av dyr utover total årskvota i driftsplanområdet.

Dersom dyr er skote utover den totale årskvota for driftsplanområdet, kan dette ordnast ved å bruke tilleggskvote som TSV har.

9.1 Vektgrenser ved feilskyting.

Når det skal brukast avgift ved feilskyting og berekning av mellomlegg i kjøtverdi brukast følgjande oppsatte vektor. Det bereknast avgift per kg over disse vektgrensene.

Følgjande vektgrenser for berekning av avgifter i perioden 2009 - 2011:

Kalv	28 kg
11/2 bukk	45 kg
11/2 kolle	40 kg
Eldre kolle	60 kg

Dersom ein skyt eldre dyr (11/2 kolle eller 11/2 bukk eller eldre kolle i staden for kalv, skal det svarast for følgjande avgift.

F.o.m 28 kg t.o.m. 60 kg Kr 50,-/kg

Over 60 kg Kr 150,-/kg

Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom ein skyt bukk 2 (spissbukk) til og med 4 takker i staden for andre kategoriar skal det svarast for følgjande avgift.

F.o.m 28 kg t.o.m. 60 kg Kr 50,-/kg

Over 60kg Kr 150,-/kg

Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom ein skyt eldre kolle i staden for kvige (1, ½ år)skal det svarast følgjande avgift.

F.o.m 40 kg t.o.m. 60 kg Kr 50,-/kg

Over 60 kg Kr 150,-/kg

Skyttaren vert ilagt 1 gult kort.

Dersom eldre bukk vert skoten i staden for andre kategoriar, skal det svarast for følgjande avgift nemnt i tekstboks for Grov feilskyting over.

I tilfeller der overståande reglar skal brukast må skyttar/ jaktfelt bestemme og gi beskjed til styret i TSV om det er skyttar eller jaktfelt som skal betale avgifta.

”GULT KORT”

Har same jeger 3 gule kort i eit tidsrom på 5 år, kan han utestengjast frå jakt i TSV sitt planområde i opp til 3 år. Slike tilfelle vert tekne opp i styret og behandla der.

Alle avgifter vert alltid berekna utifrå vektgrensene for dei ulike gruppene.

9.2 Tilbakemelding til jaktfelta/grunneigarane.

Styret skal melde tilbake til jaktfelta om resultatet frå jakt kvart år, sett hjort, sett elg, gjennomsnittsvekter og liknande.

Del 10: ØKONOMI.

Driftsøkonomi til drift

Valdet vert sikra driftsøkonomi med ei tilleggsavgift pr fellingsløyve på hjort.

Årleg avgift vert sett til *25 kr for kalv og 50 kr for eldre hjort*. Endringar i avgifta skal leggast fram for årsmøtet. Disse avgiftene blir tillagt fellingsavgiftene vedtatt av kommunen.

TSV krevjar ikkje inn fellingsavgift frå jaktfelta på skutte kalvar under 20 kg. Denne avgifta finansierer TSV med midlar trukket inn på tilleggsavgift for kalv eldre dyr. Dette for å stimulere skyttarar til å ta ut små og svake kalvar.

Hundeavgift skal betalast for disse kalvane som vanlig.

Kommunen har gjort vedtak på at alle dyr som blir kontrollert av TSV sine kontrollørar og kan dokumentera disse opplysningar utbetalast det kr. 50,-pr. dyr til TSV. Dette fôrutsettar innlevert skjema frå kommunen der kontrollerte dyr, vektor, dato og signert kontrollør er levert inn til kommunen innan innleveringsfristen.

Finansiering av tiltak i planen.

Tiltak kan finansierast av eigne midlar og med tilskot til viltfondet i kommunen. Dette kan vere årlege kostnader eller spesielle tiltak som skal setjast i verk.

Styret er ansvarlig for søknader til viltfondet.

Eksempel: For 2009 søker styret om finansiering frå kommunalt viltfond for:

1. Tilskot for etablering av lokalt grunneigarlag med vekt på oppstartkostnader.
2. Driftskostnader for 2009-2011 for kontroll under jakta og etterarbeid.
3. Finansiering av boka "Målrettet Hjorteforvaltning-bedre ressursutnytting" til styremedlem (100%) og andre medlem (50%).

Rullering/evaluering.

Driftsplanane evaluerast kvart år på laget sitt årsmøte. Om nødvendig kan endringar i bestandsplan takast opp med "viltforvaltninga" i kommunen. Jaktreglar og økonomisk del kan endrast på laget sitt årsmøte.

Del 11: TVISTAR

Ved tvistar eller der styret i TSV trenger bistand for å finne løysningar på vanskelige spørsmål kan styret i TSV søke kontakt med kommunen for hjelp/ råd.